

1 B.

Søknad om dispensasjon .

Søknad gjeld dispensasjon frå arealformålet i reguleringsplanen for Urhaug C i samband med eit eventuelt sal av areal som tillegg til Gnr/bnr 45/352. Arealet skal nyttast som bustadføre mål.

Arealet er regulert som gangveg og leik. Arealet det vert søkt om er på til saman 400 m<sup>2</sup>.

Den aktuelle kjøparen av arealet sendte inn søknad allereie i 07.06.2010. Men søknaden kunne då ikkje handsamast av ulike grunnar. Mellom anna var reguleringsplanen for Langhøyane under arbeid, og ei løysing med eventuell framtidig gangveg mellom dei to reguleringsplanane Urhaug C og Langhøyane uavklart.

Søkjaren har sendt inn søknad med kart som viser det aktuelle arealet han ynskjer å få kjøpt. Det er også lagt ved signert skjema frå buarane i feltet som viser at ingen har innvendingar mot at arealet vert seld til Gnr 45, bnr 352.

Arealet har søkjaren tenkt å nytta til plen, opsetting av hekk og gjerde og å pynte opp «skrenten» ved å plante den til.

Arealet som ynskjes kjøpt og frådelt har føremål som gangveg og leikeareal, der om lag 200 m<sup>2</sup> er sett av til gangveg og resterende 200 m<sup>2</sup> er sett av til leik. Heile leikearealet slik det framstår i dag er på til saman om lag 1900 m<sup>2</sup>. Om søkjar får det som han vil er det framleis mykje areal att som kan tilretteleggjast for leik og aktivitetar.

Godkjent plan for Langhøyane viser at det ikkje lenger er behov for arealet som er sett av til gangveg i reguleringsplanen for Urhaug C då ei samanbindeng via denne vegen ikkje lenger er aktuelt. Slik sett vil ikkje eit sal av denne biten av arealet vera negativt for byggjefeltet. Men heller tvert om då arealet vil verta opparbeid med plen og plantar. Det er også uheldig for kommunen å sitja som eigar av areal som ikkje er til nytte og heller ikkje har nokon framtidig verdi isolert sett. For vidare å få ein god avslutning mot leikearealet vil det også vera naturleg at heile det omsøkte arealet vert føyd saman med gnr 45 bnr 352. Grensa mellom leikearealet og gnr 45 bnr 352 vil då få eit naturleg skille langs bratthenget.

Det må også takast med at leikearealet enda ikkje er opparbeidd og heller ikkje er tatt i bruk slik det var planar om då byggjefeltet vart opparbeidd. Truleg er årsaka til dette at arealet ligg brakk og soleis er lite eigna for aktivitetar før det vert opparbeidd og utstyr har kome på plass.

På bakgrunn av ovanemde meiner me arealet kan selgjast då det ikkje er ulemper med eit sal. Det vil heller vera til gode for heile byggjefeltet at arealet vert opparbeid og planta til slik at det ser fint ut.

Manger 15.12.16

Einar Færø

Einingsleiar teknisk drift